# 9.trinn – veke 40 og 42
# Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærar **9A**: Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl
Kontaktlærar **9B**: Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore
Kontaktlærar **9C**: Ole Alexander Mæland Berg for Simon K. Hana (pappaperm) og Trude Skodje
Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.
Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no
Tlf.nr. 51 77 65 00

| | **Læringsmål denne perioden:** |
|---|---|
| **Norsk** | Du skal kunne lese og lytte til tekstar, hente ut viktig informasjon, samt kunne vidareformidle innhaldet skriftleg og munnleg. |
| **Engelsk** | Du skal kunne ord og uttrykk knytt til å vere unik, annleis, eit førebilete.<br>Du skal kunne lytte til, og lese ulike tekstar, kunne hente ut informasjon og vidareformidle innhaldet munnleg og skriftleg. |
| **Matematikk** | Du skal kunne rekne omkrins og areal av ein sirkel.<br>Du skal utforske Pytagoras læresetning. |
| **KRLE** | Du skal kunne seie noko om hinduismen si utbreiing og historie.<br>Du skal kunne seie noko om kva det vil seie å vera buddhist. |
| **Samfunnsfag** | Du skal vite kva nasjonalisme og ekstremisme er, og reflektere rundt farane med desse.<br>Du skal kjenne til ideologiar og årsaker som ligg til grunn for opptakta av første verdskrig. |
| **Naturfag** | Du skal kjenne til nokon av eigenskapane til metall og ikkje-metall. Du skal vite korleis disse stoffa oppfører seg i kjemiske reaksjonar.<br>Du skal kunne dokumentere endringar som skjer over tid. |
| **Tysk** | Du skal kunne namn på skulefag, og kunne fortelje litt om din eigen skulekvardag. Du skal kunne litt om det tyske skulesystemet, og vite namnet på ulike skuleslag. Du skal kunne bruke verba war og hatte i enkle setningar. Du skal kunne adjektiv som skildrar personar. |
| **Engelsk fdj.** | Du skal kunne hente ut og arbeide med informasjon du får frå tekstane til "Standing Out".<br>Du skal kunne presentere boka di for ein medelev. |
| **Arbeidslivsfag** | Du skal tileigne deg arbeidserfaring i jobben du har fått deg.<br>Du skal kunne dokumentere arbeidet ditt gjennom logg (skriftleg eller munnleg) |
| **Kroppsøving** | Du skal øve på varierte ballsportaktivitetar saman med andre. Du skal trene på å gjere andre gode og fair-play. |
| **Mat og helse** | Du skal kunne planleggje og bruke eigne reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å lage trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse.<br>Alle må har reint forkle og hårstrikk (om du treng det). |
| **Tema** | Demokrati og medborgarskap |

| | |
|---|---|
| **Diverse:** | Læringsstrategiar denne perioden: Oppsummering av BISON, nøkkelord/stikkord og kolonnenotat.<br><br>**Arbeidslivsfag**<br>Når elevane er ute i arbeid skal dei sjølv melde frå til sin arbeidsgjevar om eventuelle fråver.<br><br>**Leksehjelp**<br>Me tilbyr leksehjelp på skulen kvar tysdag kl. 07.15 i kantina. Det blir servert havregraut, og elevane kan gjerne ta med eiga matpakke om dei heller vil det. |

| | |
|---|---|
| | **Bokbind**<br>Me minnar om at det er viktig å ha bokbind på lærebøkene slik at me tek godt vare på dei.<br><br>**Verdsdagen for psykisk helse**<br>Tysdag 1.oktober vil heile skulen markere verdsdagen for psykisk helse. Temaet dette året er #gi8minutter. Me løyser opp timeplanen og har eige opplegg heile dagen.<br><br>**Haustferie**<br>I veke 41 er det haustferie. Me ønskjer alle ei herleg veke med fri!<br><br>**Student**<br>Liv kjem tilbake til oss i veke 42-44. Ho vil vere med i alle klassar i naturfag.<br><br>**Forfattarbesøk**<br>Me har fått invitasjon til å møte forfattaren Atle Hansen på Time bibliotek onsdag i veke 42.<br>Atle Hansen har skrive fleire barne- og ungdomsbøker, og han skriv på nynorsk.<br>Me reiser med felles buss til Bryne.<br><br>**TV-aksjonen 2024**<br>TV-aksjonen NRK er 50 år i år, og blir rekna som ei av verdas største dugnadar.<br>Årets tv-aksjon skal hjelpe barn som blir ramma av kreft og andre alvorlege sjukdommar.<br>Me bruker tematimane i denne perioden til å lære meir om saka. I tillegg planlegg me sponsorløp for heile skulen fredag 18.oktober.<br><br><u>Veke 40</u><br>**Torsdag 3.oktober: Vurdering i matematikk – plangeometri.** 9c (4.økt), 9a og 9b (5.økt).<br>Ta med blyant, penn, linjal, gradskive og kalkulator.<br><br><u>Veke 42</u><br>**Mat og helse:** Denne veka blir det teori i mat og helse- timane, og ikkje matlaging. Hugs difor å ta med niste.<br><br>**Onsdag 16. oktober:**<br>o **Engelsk fordjupning**: Presentasjon av boka du har laga.<br>o **Forfattarbesøk på Time bibliotek.** Me tek buss frå skulen kl. 11.00 og reiser tilbake igjen kl. 12.30. Det blir 4-delingstimar når me er tilbake, men desse blir litt kortare enn vanleg.<br><br>**Fredag 18.oktober:** Sponsorløp til inntekt for tv-aksjonen. Meir informasjon kjem. |
| **Olweus** | #gi8minutter |

| Heimearbeid veke 40 | |
|---|---|
| **Tysdag 1** | |
| **Onsdag 2** | **Tysk:** Gjer heimearbeid veke 40 i OneNote<br>**Engelsk fdj:** Jobb med presentasjonen din.<br>**Samfunnsfag:** Gjer arbeidet som ligg på OneNote – heimearbeid veke 40. |
| **Torsdag 3** | **Norsk:** Gjer arbeid som ligg på OneNote - heimearbeid veke 40.<br>**Matematikk: Prøve i plangeometri.** Målark og vurderingkriterier ligg på OneNote.<br>Hugs blyant, penn, linjal, gradskive og kalkulator. |
| **Fredag 4** | **Naturfag**: I veke 42 og 43 skal du gjennomføre, dokumentere og arbeide med eit heimeforsøk.<br>Leksa til i dag er å bestemme deg for kva du vil undersøke og levere inn ein plan på korleis du vil gå fram. Du bør starte heimeforsøket ditt seinast måndag i veke 42.<br>Det blir innlevering fredag i veke 43. |
| **Heimearbeid veke 42** | |
| **Måndag 14** | **Mat og helse:** Denne veka skal vi ha ein del teori. Arbeid blir gitt i timane. |
| **Tysdag 15** | **Matematikk:** Sjå og arbeid med tildelt forelesning på Campus. |
| **Onsdag 16** | **Tysk:** Gjer heimearbeid veke 42 i OneNote.<br>**Engelsk fdj:** I dag startar vi presentasjonane og du må vere klar til å presentere boka di.<br>**Samfunnsfag:** OneNote – heimearbeid veke 42. |
| **Torsdag 17** | **Norsk:** OneNote - heimearbeid veke 42.<br>**Matematikk:** Gjer oppgåvene som ligg på OneNote – heimearbeid veke 42. |
| **Fredag 18** | **Naturfag:** Jobb med heimeforsøket ditt. Hugs at du skal dokumentere og beskrive endringar undervegs.<br>**KRLE:** Gjer OneNote – heimearbeid veke 42. |